Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Fyresdal

Emne: Skav. — Bygdelag:

Oppskr. av: Einar Stoltenberg — Gard:

(adresse): Fyresdal — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er <u>etter eiga røynsle.</u>

B. ~~Eller om den er etter andre heimelsmenn:~~ (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I Fyresdal seier ein <u>raskefor</u> eller <u>sankefor</u>.
2. Eg har høyrt ordet <u>Skogfor</u>, men dette er lite nytta.
3. skjev, skov, skave.
4. I Fyresdal har dei i gamal tid nytta skav alle stader og kvart året. No er det berre når det er knapt om for at dei nyttar det same stader. I dei siste åra berre på nokre få bruk i Birtedalen, (ei hei-grend over mot Seksdalen)
5. I nyare tid har dei berre nytta raum. Grunden til dette er truleg at det fell lettest å skave raum.
6. Ukjendt.
7. I Fyresdal har eg høyrt:
Ask før
Alm gjør — <u>men einast gjell for</u>
selje melter — <u>lauving</u>, og <u>ikkje</u> for skav.
vier melter
8. I nyare tid fekk berre kyrne skav.
9. Når ein nyttar skav vert smøret kvitt og ~~stutt~~ (det vil helst tille for kniven og let seg difor vanskjeleg klina på brød). Men skavet er eit bra for.

Krötera likar det omframt godt. Og det er vel kjent røynsle at det var det beste rådet mot „beinsjuke".
Kyrne var friske og „hårfine" om våren når dei hadde fått nok av skav.

10 Å hente skav drog ein „eins leiend".
Hesjeved og annat gardsvyrkje vart aldri nytta til skav.

11. Å reise eller skav."

12. " Skav."

13. " ukjent.

14. I dei åra då det var lite for tok dei til med skavhentinga tidleg på vetteren, eg har aldri høyrt noko tid som var fastsett for skaving. Eg kjenner ikkje til nokon bruk eller sed som er knytt til skavhenting

15. Inne i stova.

16. – 17 – 18. I gamle dagar nytta dei ein serlaga kniv som vart kalla skavhele (no-kjön ?)



Skavhela var laga av eit ljåbrott. Sjå den som eg har gjeve til Folkemuseet. Ein sat skrevs over skavkrakken og det var ein pinne sat opp i krakkholet.



Dette reidskapet vart nytta til omlag 1920. Sidan nyttar dei berre tollekniv. Eina skar skavet opp i stykkje 60–80 cm. Under arbeidet heldt ein skavhela laust i skaftet. Hadde då bladet ein passe bøyg fulgte det vel etter. Ein skulle ha med ein tynd flis med ved saman med borkja.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Å skave var helst arbeide for gamle folk, eit arbeide som dei lika godt.
Avfallet av skavinga (veden) vart kalla skjevling, alt var god ved, men eg har ikkje høyrt at det vart nytta på serskilde vis.

„Han slær med skavhela på fua", er eit fantord om ein som forar)x dårleg. Og det er vel tenkt som at han har skavet i ~~bakhanda~~ tankene når han slær. Det var elles ukna som ei god „pette" (skøyerstrek) å henge ei „skavhele" bak på brynekoppen til ein kar som slog.

Sjå elles om skav i „Viking" 1947 stykket „Utrast" av Einar Stoltenberg.

)x fora er her nytta for å sanke for.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING